

## Medlemane våre !



Stammes Husmorlag hadde møte og sommartur til Toskedal 12. juni 1956. framme f.v: Julia Kaland (1909-2001), Ragnhild Nytn (1886-1975), Jenny Gammersvik (1914-1990), Borghild Farestveit (1906-1990), Margit Bjørkheim (1909-1992), Ingebjørg Leiren (1908-2008), Klara Toskedal (1911-1998), Brita Leiren. Bak f.v: Katrine Grøsvik (1903-1980), Josefine Grøsvik (1898-1986), Johanne Dyrvik (1882-1968), Liv Grøsvik, Bergliot Lilletvedt (1917-1987), Borgny Simmenes (1906), Ågot Gammersvik (1887-1972), Madli Hagen (1896-1988), Solveig Kaland (1907-1996), Ragna Iversen (1889-1965), Anna Leiren, Inga Stammes (1888-1967), i bunad og leiar for laget: Josefine Vik (1893-1970), Marta Trohjell (1908-2007), Maria Kalvik (1900-1990), Aletta Grøsvik (1885-1968).

Foto: Hildur Simmens.

av Ingebjørg Leiren

1.

Ein strofe idag me vil syngja,  
Det er liksom det liver opp,  
Ja, mest som det opp kan oss yngja,  
Både på sjel og på kropp.

2.

I dag er me samla i laget,  
fyrste møte i nittenfemtni.  
De må kje ha det travelt det slage,  
idag må me alle ha tid.

3.

Dei fleste har helst lange vegar,  
men no vil det ljosna kvar dag  
Og ingen på det må vel trega  
at dei tok seg ut til Husmorlag.

5.

Frå Straume der er berre to der,  
som her i laget er med,  
frå Vik er det formann og ei te,  
av fire so møter det tre.

7.

På Skorvena hev me ho Brita,  
Ho ropar til Ingebjørg som:  
"Eg ska på husmormøte kan du vita,  
og er du no ferdig so kom".

9.

Frå "Knutahei" kjem stundom Inga,  
men Borghild er alltid på post,  
Dei må taka vegen i svinga,  
å det er kje beine i frost.

11.

Men Solveig so trufast hev gjenge,  
Og Magdeli fuskar kje hell,  
So hev dei kje påskjønning fenge,  
me gjev dei honnør her i kveld.

13.

No skvalpar me oss burtom havet,  
til Kalvik, der møter me ei  
Ho kvider seg aldri for kavet  
Men seier: "Å tenk var her vei"

4.

Kva me skal ha fyre av saker,  
me ikkje so sikkert det veit,  
men de skal få kaffi og kaker,  
Josefina styrer møte so greidt.

6.

I Sand er det berre ho Maria,  
Dei andre slepp ikkje fri,  
Men ho vil no fylgja med tida,  
som alltid for fort unna skrid.

8.

So hev me Magreta i Sunde,  
som slett ikkje alltid vil gå ,  
men er veret so nokolunde,  
so kan me på møte ho sjå.

10.

På Hedlo der er det no fleira,  
men sume hev gjenge ifrå,  
Me skal ikkje stort seja meira,  
men heldt det på so, vert me få.

12.

Margit, Olga og Bergljot og Anna,  
er hell ikkje alltid å sjå,  
Men fordret om de bur yst i randa,  
me likar at De møtes på.

14.

So legg me vel utatt på fjorden,  
og dumlar oss langst attmed land  
Og slik heldt me kursen og roren,  
til Inga og Ragnhild me fam.

15.

Dei er ikkje heller av desse,  
Som kvider seg for å ta ut.  
Dei gjerne på båten sin lesse,  
og hev kje for det noke sut.

17.

No tek me skia på nakken,  
for no skal me dalen ta fatt.  
Og so må me binda opp stakken,  
so går me so lett som ein katt

19.

Men no må me slutta med dette,  
det må være måte med alt.  
Men syngja litt, det er det rette,  
om veret er varmt eller kaldt.

16.

Simmenes ligg heller langt borte,  
og der er ei einaste ei,  
når dagane då e so korte,  
so e det kje greitt ta i vei.

18.

Der Klara og Hilda og Marta,  
langt oppi Toskedal bur.  
Men det kostar kje mykje å starta,  
ned til bygdi ein liten luftetur